

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1920 - 21/25521

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
18.04.2021

Mellombels dispensasjon frå reguleringsplanen for omlegging av KV1023 - gbnr 188/66 og 188/116 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: **Saknr:** 473/21
Tiltakshavar: Statens vegvesen
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-4 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå reguleringsplanen for Knarvik Sentrum, planid 1263-201702, for omlegging av kommunal veg KV 1023 i tidsrommet frå oval rundkøring er ferdigstilt og til ny kommunal veg o_SKV17 er etablert i samsvar med områdeplanen og tatt i bruk.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Det skal dokumenterast at Statens vegvesen si forvaltningsavdeling ikkje har merknader til omlegging av vegen og plassering av ny avkørsle.
- Det skal dokumenterast at grunneigar har gitt samtykke til at mellombels veg kan plasserast på eigedomen frå tidspunktet der oval rundkøring er ferdigstilt og fram til o_SKV17 er etablert.
- Overvatn skal sikrast.
- Det skal etablerast fortau langs vegen.
- Ufføring skal elles skje i samsvar med brev frå Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning.

Omlegging av vegen er søknadspliktig etter § 20-1, jf. § 20-3. Før det vert gjeve løyve til å etablera tiltaket skal vilkår i dispensasjonsløyvet vera dokumentert.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.


SAKSUTGREIING

Tiltak


Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå reguleringsplan for omlegging av del av kommunal veg KV 1023 på eigedomane gbnr 188/16 og 188/66. Endringa omfattar ny plassering av avkjørsla frå o_SKV6 og noko justering av trase. Det vert søkt om dispensasjon for tidsrommet frå arbeidet med bygging av oval rundkjøring er ferdigstilt og fram til kommunal veg o_SKV17 i områdeplanen for Knarvik sentrum er etablert og tatt i bruk.

Det vert elles vist til søknad mottatt 24.02.2021.

Planlagt omlegging av kommunal veg KV 1023



Reguleringskart med eksisterande KV 1023 og ny kommunal veg o_SKV17



Planstatus

Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen for Knarvik Sentrum oval rundkjøring, planid 1263 – 201702, der området er sett av til Sentrumsføremål BS 17-1 og føresegnsområde #7 som er mellombels anleggs- og riggområde. Anleggs- og riggområdet kan nyttast til trafikkomlegging, som tilkomst til veganlegget og til lagring av massar, brakkerigg og lager. Etter at anleggsarbeidet er avslutta går arealet tilbake til regulert føremål i eksisterende plan, i dette tilfelle områdeplanen for Knarvik Sentrum, planid 1263-201002. Endelig plassering av kommunal veg, o_SKV17, går fram av områdeplanen.

Dispensasjon

Omlegging av kommunal veg krev dispensasjon fra arealføremålet sentrumsføremål og vist plassering for o_SKV17. Det er søkt om mellombels dispensasjon fra reguleringsplanen med slik grunngjerving:

«I henhold til plan- og bygningsloven § 19-1 søkes det om dispensasjon fra reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkjøring, gnr. 188, bnr. 66, 69, 114, 222, 237, 257, 357, 368, 741 m.fl. (planID1263-201702).

Dispensasjonen gjelder midlertidig omlegging av KV1023 S2D1 m0 – m145, Kvassnesvegen, på eiendommene gnr. 188 bnr. 66 og 116. Omsøkt midlertidig trasé er prosjektert så lik dagens trasé som mulig, men med nødvendig omlegging sørover på grunn av konflikt med ny oval rundkjøring, se vedlagt pdf som viser omsøkt midlertidig trasé. Omlagt trasé hensyntar grunneieres eget behov på eiendom 188/66. Statens vegvesen har inngått avtale med grunneier av gnr. 188 bnr. 66 om at midlertidig offentlig tilkomstveg kan omlegges delvis over eiendommen, og at den kan ligge frem til permanent omlegging av Kvassnesvegen, o_SKV17. Midlertidig omlegging av Kvassnesvegen er avgjørende for tilkomst til boliger og virksomheter frem til den permanente omleggingen er etablert. SVV har ikke ansvar for å etablere fremtidig permanent tilkomst o_SKV17.

Det søkes om dispensasjon i tidsrommet fra anlegg med å bygge oval rundkjøring er avsluttet, frem til o_SKV17 i områdeplanen for Knarvik (plan ID1263-201002) er etablert og åpnet for trafikk.

Bakgrunn

I anledning bygging av E39 Knarvik sentrum Oval rundkjøring må ovennevnte del av Kvassnesvegen rives og fjernes i anleggsperioden. Arealet hvor eksisterende veg ligger, er regulert som BS17-1 med føresegnområde #7 - Mellombels anleggs- og riggområde i gjeldene reguleringsplan.

I henhold til bestemmelsene gjelder følgende for føresegnområde #7:

«Etter at anlegget er avslutta går arealet attende til regulert føremål i eksisterande reguleringsplanar eller kommunedelplan. For areal som er omfatta av plan 1263-201002 vil føresegnehene for den planen vere gjeldande.

Tilbakeføringa skal ferdigstillast seinast 3 månader etter at veganlegget er opna.»

Vi kan ikke se at det foreligger hjemmel til å omlegge denne delen av Kvassnesvegen når anleggsperioden er over. I områdeplanen for Knarvik er kommunal veg o_SKV17 lagt ca. 40 m sør for dagens trasé av Kvassnesvegen. Statens vegvesen er ikke kjent med dato for oppstart av bygging av den permanente traseen.

Omtalte del av Kvassnesvegen benyttes i dag som kjørbar tilkomst til eiendommene gnr. 188 bnr. 69, 114, 115, 132, 336, 497, 500, 501, 502, 503 og 705.

Begrunnelse

Statens vegvesen ser det nødvendig at Kvassnesvegen omlegges for å ivareta tilbud om kjørbar tilkomst til ovennevnte eiendommer i påvente av åpning av ny kommunal veg o_SKV17. Alternativ trasé fra Røsvikhaugane er regulert som gang- og sykkelveg, og kan derfor ikke benyttes.

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har ikkje vore send på høyring, men vi viser til dialog mellom kommunen si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning Statens vegvesen om omlegginga. I brev datert 12.03.2021 skriv Samferdsel, veg, vatn, avløp -forvaltning følgjande:

«Viser til Dykkar spørsmål om overtaking og driftsansvar av deler av Kvassnesvegen etter omlegging.

Alver kommune veit ikkje kor tid den parmanente vegen (o_SKV1 7), som etter planen vil ligge lenger sør, blir etablert. Dette kan være fleire år fram i tid. Vi set derfor følgande føresetnader for etablering av vegen som skissert i forslaget frå Statens Vegvesen:

- Både drift- og forvaltingsavdelinga til Statens Vegvesen må akseptere at avkøyring og veg (KV1 023 S2D1) blir liggende som skissert, fram til permanent veg er etablert. Dette er klarert med Hilde Furset –Drift og vedlikehold, Ingelin Garen –Transport og samfunn.
- Vegen skal etablerast med gode masser, og byggast opp med minimum:
 - 50 cm forsterkingslag
 - 10 cm bærelag (0-32)
 - 10 cm asfalt - 2 lag (Ag + Agb1 1)
 - Om masseutskifting blir for dyrt og omfattande, må vegen ha fiberduk under forsterkningslaget (50 cm).
 - Om undergrunnen er blaut, skal det nyttast vegarmering (geonett) under og evt i forsterkingslaget.
- Overvann må sikrast på ein god måte. Vegen har i dag ikkje eige overvannssystem, men kantar og utforming fører vatnet ned mot KV1 023 S1 D1 , og overvannssystem her.
- Vegen har i dag smalt fortau. Dette bør oppretthaldast med tilsvarande funksjon som i dag. Truleg kan det kortast ned og knyttast til nytt G/S-systemet langs E39.»

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klageurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 23.02.2021.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Plassering av ny kommunal veg, o_SKV17, går fram av godkjend plan.

Mellombels omlegging av vegen vil ha avkøyring frå o_SKV6. Ny avkørsla til gbnr 188/66 vil skje frå KV 1023.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vera oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispenses i frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføra.

KV 1023 skal i samsvar med områdeplanen for Knarvik Sentrum etablerast i trase for o_SKV17. I planen er det knytt rekkefølgjekrav til etablering av offentleg infrastruktur. Etablering av o_SKV17 inngår i godkjend tiltak på eigedommen gbnr 188/66, jf. dispensasjon og rammeløyve til oppføring av nybygg (forretnings- og bustadbygg) og veg datert 07.11.2019 i sak 18/2013. Det er ikkje søkt om igangsetjingsløyve. Framdriftsplan for dette prosjektet er ikkje kjend for kommunen.

Den kommunale vegen KV 1023 sikrar tilkomst til både bustadeigedomar og verksemder. Som følgje av arbeidet med oval rundkøyring må vegen leggast om noko. Tilbakeføring av den kommunale vegen etter at vegarbeidet er ferdig vil ikkje la seg gjera pga konflikt med ny oval rundkøyring. Det er ikkje alternativ tilkomst for brukarane av den kommunale vegen slik at mellombels trase må oppretthaldast inntil ny tilkomstveg o_SKV17 er bygd og ferdigstilt, jf. pbl § 29-11.

Det er administrasjonen si vurdering er at omsyna bak reguleringsplanen ikkje vert vesentleg sett til side ved å gje mellombels dispensasjon frå reguleringsplanen for å legga om communal veg KV 1023 slik det er søkt om dersom omlegginga skjer i samsvar med dei vilkår som Samferdsel, veg, vatn, avløp – forvaltning har sett i brev datert 12.03.2021. Dette inneber det er ein føresetnad at både Statens vegvesen si drifts- og forvaltningsavdelinga må godkjenna ny plassering av avkjørsla til o_SKV6 og omlegginga av traseen, at overvatn vert sikra, og at vegen må leggjast til rette for mjuke trafikantar slik dagens veg er. Det er vidare ein føresetnad at det er inngått avtale med eigar av gbnr 188/66 som sikrar mellombels plassering av communal veg inntil ny o_SKV17 er etablert og kan takast i bruk.

Eit positivt vedtak om mellombels dispensasjon vil sikra tilkomst til bustadar og verksemder i området inntil ny veg o_SKV17 er etablert i tråd med plan. Det vert vurdert at omlegginga heller ikkje vil koma i konflikt med ei framtidig utnytting av BS17-1 slik planen legg opp til. Rammeløyvet for oppføring av forretnings- og bustadbygg med tilhøyrande anlegg omfattar også o_SKV17 som skal etablerast som ein realytelse.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon for mellombels omlegging av veg er oppfylt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det er opplyst at det er inngått avtale om etablering av mellombels veg med grunneigar.

Det vert vurdert at ytterlegare varsel ikkje er nødvendig for behandling av søknaden om dispensasjon. Ved innsending av søknad om løyve til tiltak må nabovarsel dokumenterast.

Vidare saksgang

Omlegging av vegen krev søknad og løyve etter pbl kap. 20 og avkøyringsløyve. Ved innsending av søknad må det dokumenterast at tiltaket er nabovarsla og at det er innhenta erklæring med løyve frå grunneigar til omlegging av vegen inntil o_SKV17er etablert. Vilkår i dispensasjonsvedtaket må vera oppfylt.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1920

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Omlagt trase Kvassnesveg.PDF

Mottakarar:

Alver kommune
Statens vegvesen

Postboks 4 5906
Postboks 1010 2605
Nordre Ål

FREKHAUG
LILLEHAMMER